

Innspel til musikkutvalet

Under seminar om ståa på folkemusikkfeltet 2024 under Folkelarm, så utfordra Sigrid Røyseng folkemusikkmiljøet om å kome med innspel om kva tiltak som er mest prekære – med utgangspunkt i det innspelet som Noregs ungdomslag, FolkOrg, Riksscenen og Norsk senter for folkemusikk og folkedans sendte inn i september.

Vi ynskjer med dette å ta utfordringa frå Røyseng, og kjem her med ei spissing av dei mange tiltaka som ligg i det opprinnelege innspelet.

- Myndighetene må sikre og styrke drifta til dei nasjonale organisasjonane som på dagleg basis arbeider for folkemusikk, joik og folkedans. Det må vera stabile og gode til både drift og til aktivitetar til dei frivillige laga innanfor folkemusikk og folkedans.
- Tilhøva for folkemusikk, joik og folkedans som næring og næringsveg må styrkast gjennom gode insentivordningar, og heilårsarrangørleddet må styrkast gjennom målretta tilskotsordningar som er tilpassa tradisjonsmusikken.
- Fraværet av opphavsrett/TONO-inntekter for folkemusikarar må kompensierast gjennom t.d. eit Fond for tradisjonsutøvarar.
- Sikre føreseieleg finansiering av dei store arrangementa (t.d. Norlek, Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk) og ungdomskursa for å sikre at kvaliteten på arrangementa skal vere best mogleg og etter krava i dagens kulturliv.
- Staten må forplikte seg til å innføre folkemusikk og folkedans som ein del av det lovpålagte oppdraget i grunnskulen og kulturskulen, på same måte som samisk kultur allereie er inkludert gjennom opplæringsloven § 6-4. Dette vil si at pedagogar på alle nivå, frå barnehage til høgare utdanning, må få opplæring i folkemusikk, joik og folkedans. Barn og unge skal systematisk og regelmessig få møte desse tradisjonane som del av si opplæring.
- Eit nasjonalt fagsystem for arkivering må på plass, og dette må initierast av staten, samt at eit felles digitalt publiseringssystem for folkemusikkarkiva må på plass, slik at innhaldet blir lett tilgjengeleg for potensielle brukarar.

Med venleg helsing

Magni H. Flyum – *Noregs Ungdomslag*

Aslak Brimi – *FolkOrg*

Ane Carmen Roggen – *Riksscenen*

Tanja Holmen – *Norsk senter for folkemusikk og folkedans*